



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 30.04.2026

Vår ref.: 202610038-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Tokke – Vinjevassdraget i Vinje kommune, Telemark fylke

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Tokke – Vinjevassdraget, ved Skartjønn, i Vinje kommune. Dette er planlagt på inntil 2 døgn i perioden 25.05.2026 – 12.06.2026 eller i perioden 03.08.2026 – 13.09.2026.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS, datert 22.04.2026, om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Tokke – Vinjevassdraget, ved Skartjønn, i Vinje kommune.

I samband med nødvendig vedlikehald på inntaksrista til Haukeli kraftverk, blir det søkt om mellombels dispensasjon til å senke Skartjønn ned til kote 832 (3 meter under LRV), her blir vasstanden halden til arbeidet er utført, før det blir heva igjen.

Vi viser til tidlegare søknader om for same stad og vedlikehald i 2023 (NVE saksnummer: [202315695](#)), 2024 (NVE saksnummer: [202408035](#)) og 2025 (NVE saksnummer: [202501418](#)).

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sin nettside: www.nve.no/9922/v.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytte til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessantar som bør få høve til å uttale seg.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til hano@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202315695» i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **18.05.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Håkon Haglund Norstrand

Senioringeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

VINJE KOMMUNE
Villreinnemnda for Setesdalsområdet
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS